



# Kyrkjeblad

FOR ÅSKVOLL

Nr. 3 | JUL | 2017 | 94. ÅRG.





*Christ in the House of His Parents ('The Carpenter's Shop') 1849-50; Sir John Everett Millais, Bt 1829-1896; Tate, Purchased with assistance from the Art Fund and various subscribers 1921; Photo: © Tate, London, 2017*

# Gud i snikkarverkstaden

*Jula sin løyndom - for ikkje å seie jula sitt mysterium - er at Gud går inn i menneskekroppen. Det er dette vi kallar «inkarnasjonen» som betyr «å gå inn i kjøtet». Det er kanskje ikkje ei vakker formulering, men den er treffande. Når Gud lét sonen sin bli menneske, skjer det ikkje i det høge og fjerne, men på golvet i ein snikkarverkstad i småbyen Nasaret.*

Dette biletet, som er malt av den engelske kunstnaren John Everett Millais i 1850 og heng i Tate Gallery i London, viser ein svært realistisk og nær scene frå denne verkstaden. Men her er det gøymt mange løyndomar.

På overflata ser vi at biletet framstiller Josef, Maria og Jesus - i tillegg til to arbeidsfolk og ein gut med eit vaskefat. Josef sine armar er sterke og med tydelege blodårer. Golvet er dekt av spon. Maria trøystar Jesus som har fått eit sår i handa frå ein av naglane som ligg på bordet. Utanfor vindaugget ser vi ein saueflokk som kikkar inn.

Då biletet blei utstilt fyrste gongen, vekte dei sterke reaksjonar. Avisa The Times kalla det «opprørande» at kunstnaren framstilte Den heilage familien som vanlege og enkle folk, og detaljert framstilte dei støvete og skitne omgivnadene. Forfattaren Charles Dickens kritiserte at Jesus var malt som ein sutrete, raudhåra gut i pyjamas. Sjølv sagt visste både The Times og Charles Dickens at kyrkja trudde på Jesus som både sann Gud og sant menneske, men her blei det menneskelege likevel litt for menneskeleg.

Det var likevel ingen andre måtar å bli menneske på for Gud enn å gå heile vegen inn i det konkrete. Guds son landa midt i verda vår med alt det som følgjer med livet i kjøtet: blod, arbeid, støv, svette og husdyr. Jesus viser oss at ingenting menneskeleg, sjølv ikkje det aller lågaste og vanlege, er skjult eller framand for Gud. Det gjeld framleis. Guds son har delt livets vilkår og veit kven vi er. Vi treng difor ikkje bruke mange ord når vi ber, men kan nemne augneblinken vår for Jesus i tillit til at han veit kva den rommar.

Eg veit ikkje om dei som kritiserte biletet den gongen tok inn all symbolikken som er skjult i detaljane. Her kjem nemleg ein større, guddommeleg dimensjon til syne i det kvardagslege: Jesus har blod på handa, han er såra av ein av naglane på bordet, slik han seinare skal bli det på krossen. Langs veggen står ein stige, og på den sit ei due. Dua er symbolet på Den Heilage Ande som viste seg over Jesus då han blei døypt og Faderen si røyst lydde frå himmelen: «Dette er Son min, han som eg elsker, i han har eg mi glede.»

På veggen heng ein trekant. Den er ikkje berre eit verktøy, men også eit symbol for Treeininga: Faderen - Sonen - Den Heilage Ande. Guten som kjem inn med vaskefatet er Døyparen Johannes, ein slektning av Jesus. Og utanfor ventar saue, eit symbol for oss, folket som treng Den gode hyrdingen.

Dette biletet fortel oss at Gud i Jesus er komen inn i den særdeles jordiske røynda vår, så nær som det er mogeleg. Det er det beste som har hendt verda vår. Det kan vi takke for denne jula. Eg ønskjer dykk alle ein god og velsigna julefest!

**Halvor Nordhaug, Biskop i Bjørgvin**



# Møt vår nye organist, Malgorzata Anna Tveit

## **Malgorzata låter ikkje heilt typisk norsk, kor kjem du frå?**

Eg kjem frå Chelm i Polen. Malgorzata er den polske versjonen av Margareta.

## **Kva bakgrunn har du frå Polen?**

Eg har femårig mastergrad frå musikkhøgskulen i Lodz. Eg har også jobba tre år som korist ved filharmonien i Lodz og eitt år som solist i ei profesjonell musikalgruppe i Warszawa.

## **Kvifor valde du å flytte til Norge, og når kom du hit?**

For 23 år sidan gifta eg meg her i Norge, og mannen min er her frå Holmedal. Vi har tre tenåringsbarn og vi bur i Førde. Vi har ein hund og ein katt også.

## **Korleis skal du feire jula i år då? Har du med deg nokre spesielle tradisjonar med deg frå Polen?**

Vi pleier å feire jula heime med familien, og vi har norsk og polsk julemat. Sidan eg er organist vert det sjølvsagt også mykje jobb i jula.

## **Kva julemat likar du, og kva synest du om den sunnfjordske julematen?**

Eg likar polsk julemat. Då pleier vi å ha koldtbord. Tradisjonelt er det tolv rettar, med mellom anna salatar, pirogar, rødbetesuppe og fisk tilberedt på ulike måtar, men sidan vi også har norsk julemat på bordet har vi færre rettar. Til dessert har vi moltekrem. I starten var norsk julemat litt framandt, men etter 8-10 år hadde eg vendt meg til den sunnfjordske julematen, så no går det bra.

## **Du er altså ganske godt kjend her i kommunen vår, men kvifor søkte du stillinga som organist her?**

For det første likar eg å spele og eg likar meg godt i kyrkja. På grunn av mannen min kjenner eg jo og tilknytning til kommunen.

## **Kva dreiv du med før du starta her hos oss?**

I nesten tjue år har eg arbeidd med musikk, både i kyrkja og i kulturskulen. Eg har også dirigert tre forskjellige kor i femten år. Siste åra har eg også vore sjølvstendig næringsdrivande, der musikk var ein del av jobben.

## **Kva gler du deg spesielt til å ta fatt i når du no skal arbeide som organist her i soknet?**

Eg gler meg ihvertfall til å arbeide meir med musikk enn eg har gjort då barna var små. No som dei er store får eg meir tid til å drive med musikk. Eg har veldig lyst å starte opp med kor her i kyrkja, både barnekor og vaksenkor.

## **Redaksjonen takkar for praten, og ønskjer deg ei god jul og til lukke med arbeidet her vidare.**



## Liker du å synge?

I januar startar vi opp to kor med undervisning i generell stemmebruk og korsang.

- Barnekor for barn frå 8-12 år
- Voksenkor

Øvingstid: Torsdag ettermiddag og kveld.

Meir informasjon og påmelding på:  
[www.askvoll.kyrkja.no](http://www.askvoll.kyrkja.no)



# Nyhetsbrev frå kyrkjelydens misjonsprosjekt: **Samarbeid mellom Lovsangshjemmet og Bangkok Patana School**



*Flere av lærerne fra en av Bangkoks største internasjonale skoler har over flere år støttet og bidratt med verdifull kompetanseheving for lærerne i Bangkoks største slum.*

Bangkok er blitt en stor internasjonal by med mange internasjonale skoler. Gjennom misjonærbarna har lærerne blitt kjent med arbeidet som NMS støtter gjennom den lutherske kirken i Thailand. I begynnelsen var det helst gaver til arbeidet, men etterhvert har samarbeidet blitt utvidet.

## **Opplæring**

– Miss Robine som er en av lærerne på skolen tok kontakt med meg og lurte på om skolen også kunne bidra på andre måter, f.eks. opplæring. Det var jo en fantastisk mulighet som jeg sa ja til med en gang. Vi har kun

en utdannet førskolelærer i barnehagene våre, så det å få opplæring av lærere fra en av de mest anerkjente skolene i Thailand, Bangkok Patana, var veldig velkomment, forteller misjonær Anne Storstein Haug.

## **Utveksling**

Først var lærerne fra Lovsangshjemmet på omvisning i barnehagen på Patana og fikk et innblikk i hvordan de jobbet der, og etter det kom seks lærere fra Patana og hadde opplæring for lærerne på Lovsangshjemmet og Immanuel Dagghjem. Dette har vært svært vellykket og lystbetont for lærerne. Senere kom en av de mest erfarne barnehagelærerne fra den internasjonale skolen på besøk for å se hvordan vi kan gjøre læringsmiljøet i barnehagene bedre.

## **Renovering**

– I sommer fikk jeg greie på at barnehagen på Patana skulle totalrenoveres og da sendte jeg en mail til rektor på barneskolen og presenterte arbeidet, fortalte om vårt gode samarbeid med flere av lærerne og spurte om det var mulig å «arve» noen av møblene fra barnehagen. Vi var kjempeheldige og var de første som fikk velge møbler. Dette resulterte i at alle de tre avdelingene på Immanuel Dagghjem kunne bytte ut møblene sine, og forandringen er utrolig og fantastisk. Mange av de gamle møblene var svært gamle og utslitt. Lovsangshjemmet sine møbler står på lager inntil den nye avdelingen er ferdig, sier Anne.





## Videre samarbeid

Anne forteller at de ønsker flere seminarer med lærerne fra den internasjonale skolen. Ønskede tema for slike seminarer er bl.a. utelek og oppgradering av lekeplassene.

– Miss Robine vil invitere med seg alle på barnetrinnet på Patana som har ansvar for veldedighet til barnehagene våre for å se på arbeidet og bli inspirert, som hun sier. I tillegg skal våre lærere på besøk til Patana en gang til når den nye barnehagen står ferdig, avslutter Anne.

Tekst: Anne Storstein Haug

## Barnet i gudstenesta

Dette er temaet på kyrkje- og misjonsdagen på Alværa Misjonssenter laurdag 13. januar kl. 10.00 –16.00.

Soknepresten i Jølster, Silje Sørebo, vil ha hovudinnleiinga. Ho har erfaring frå arbeidet som prest i Holmlia i Oslo og dei par siste åra frå Sunnfjord prosti. Silje har også studert forteljekunst, noko ho nyttar i arbeidet i kyrkja. «Barnet i gudstenesta» er eit tema som opptek henne, og ho vil dele av sine tankar og idear. Nokre foreldre med born vil komme med innspel om ynskje og behov dei har for at gudstenesta også skal vere tilpassa barnefamiliane. Det blir samtale og utveksling av erfaringar. Tradisjonen tru vil vi denne dagen også syngje mykje, ete god mat og få tid til å bli kjent med nye menneske. Temadagen vert avslutta med gudsteneste leia av misjonskonsulent Ingvald A. Frøyen kl. 14.30.

Deretter blir det kaffi og årsmøte for NMS i Ytre Sogn område.

Set av dagen allereie no, så du ikkje går glipp av ein inspirerande dag i møte med andre frå både Sunnfjord og Ytre Sogn. Meir informasjon kjem til å bli lagt ut på Alværa Misjonssenter si heimeside <http://alvera.no/>, men ein kan melde seg på til Alværa allereie no, telefon 489 90 661.

Områdeutvalet i NMS

## TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)



**SOS**  
22 40 00 40



**SOS**  
CHAT



**SOS**  
MELDING

**KIRKEN'S**  
**SOS**

## VI BEKLAGAR!

I førre nummer av kyrkjebladet hadde dessverre eit namn på konfirmanbiletet frå Vilnes kyrkje falle ut.

Konfirmanten i midten framme heiter Ine Høyvik Landøy.



# Juleglede

til alle som ikke har vunnet i lotto:  
Juleglede kan ikke kjøpes for penger.  
Du får det ikke bedre  
om julegavene blir flere og dyrere enn i fjor.  
Du blir ikke lykkeligere av å kave mer enn vanlig.  
Du blir ikke fornøyd om du får mer av alt.  
Den eneste navngitte «juleglede» du kan kjøpe  
er en blomst til kr 69.  
Og julefreden kommer ikke gjennom stress.

Likevel: Juleglede er mulig  
Julefred er mulig.  
Gleden og freden er i slekt;  
hører sammen, kommer sammen  
som overraskende, rause, kjærlige gaver  
den første, store julenatt,  
Og:  
Som utfordrende gaver i vår jul.

*Sigurd Wahl Sande*  
*Frå: Over motbakkene er himlen alltid blå.*



# Sunnfjord Gravferdsbyrå

*Vi vil på beste måte hjelpe dykk som pårørende,  
med alt som høyrer ei verdig gravferd til.*

Blomstertorget A/S · Dale Senter · 6963 Dale i Sunnfjord  
Telefon 57 73 98 00 · Mobil 975 21 569 · Telefaks 57 73 98 01

## Velkommen til kyrkjekonsert

Fredag 15. desember kl. 18.30  
Julekonsert i Vilnes kyrkje ved Atløykoret

Lørdag 16. desember kl. 18.00  
Julekonsert i Holmedal kyrkje med diverse aktørar

Søndag 17. desember kl. 19.00  
«Syng for Guds skuld» i Askvoll kyrkje



## Attval av leiar og nestleiar

Jostein Gryte er attvald som leiar i Askvoll sokneråd for perioden 1. november 2017 til 31. oktober 2018.  
Også nestleiar Wenche Ness Gabrielsen er attvald i sitt verv som for samme periode.

# HAUSTTREFF OG NATTCUP

## HELG ETTER HELG

Det er hektisk å vere konfirmant i oktober. Hektisk og kjekt.

Først er det Hausttreffet på Nesholmen. Ei helg med fullt program frå tidleg morgon til seine kvelden i Nordfjord, så er det Nattcup i Førdehuset der konfirmantane spelar fotball og har andre aktivitetar ei heil natt. Ved midnatt etter ein pause frå fotballkampane, var alle konfirmantane med leidarar samla til gudsteneste. Arrangøren bak både Hausttreff og Nattcupen i Førde, er KFUM/KFUK.

Konfirmantkullet i kommunen vår tel 27 dette året. Det er noko mindre enn det pleier å vere. Grunnen er ikkje lav deltakingsprosent, men rett og slett eit heller lite årskull. Deltakinga både på Hausttreffet og Nattcupen var 25. Slett ikkje verst!

Nattcupen er ei samling berre for konfirmantar. Hausttreffet, derimot samlar ungdom frå konfirmantaldar og oppover. KFUM/KFUK har eit flott motto: «Ver deg sjølv. Still opp for andre!»

Helga på Nesholmen handla mykje om dette; å ta sjansen, ja våge å stå fram som den du er og samtidig stille opp for andre. Der folk tek sjansen på å vere seg sjølv og stille opp for andre, der er det godt å vere.

Det virka som om konfirmantane koste seg både på Nesholmen og på Nattcupen.

Her følger litt bilete frå dei to treffa. Fotograf er praktikanten vår, Hilde Gunn Bråstad.







# Askvollsølja



20. august **1945** ble det født tvillinger i Askvoll prestegård. Brødrene Petter og Leiv likte å få en søster hver og nå var familien med mor og far blitt seks. På høsten var det barnedåp i Askvoll kyrkje og vi ble døpt av far. Heldige meg fikk Maria Høvik til gudmor. **Dåpsgaven** fra henne var en bunadssølje, en gave som har blitt brukt til mine bunader, og som har gitt meg tilhørighet til Askvoll hele livet selv om jeg flyttet derifra som 4-åring.

Det jeg vil berette er hva dåpsgaven fikk å bety for meg i alle år. Den ble til en trygg forankring, og selv om familien hadde flyttet, var Askvoll og dåpsgaven alltid med. Den lå i sølvskuffen ved siden av sølvet vi brukte når det ble dekket på ved besøk. Etter hvert som vi tvillingene vokste til, hjalp vi gjerne til - og der lå sølja på hvit bomull - forgylt med blanke løv - jeg måtte ta en titt - og jeg kunne høre mors stemme fra kjøkkenet: Torunn, den er din! Du har fått den av gudmor! Det ble ikke få ganger den ble beundret i ettertid.

Slik gikk årene. Maria og Bjarne Høvik husket på oss med julebrev og det var stolte tvillinger som fikk bunadsdokker med Sunnfjordbunad i bursdagsgave.

Der var jevnlig kontakt. Som student kom Maria og Bjarne på besøk til Mære prestegård, en slags bekreftelse på at nå var jobben gjort!

Men først som lærerstudent kjøpte jeg en bunadspakke på Husfliden. Det ble Sunnmørsbunad, men sølja ble alltid min hovedsølje. Og det var det fine! Hver 17. mai fikk jeg det samme spørsmål. Du har en annerledes sølje til drakten og jeg svarte stolt. Det er Sunnfjordsølje. Den fikk jeg i dåpsgave av gudmor! I alle år er dette spørsmålet kommet og jeg har svart, mens jeg har sendt en varm tanke til Askvoll og gaven jeg fikk.

Da jeg ryddet i alle kort og brev fant jeg det siste brevet fra henne, hvor hun gratulerte meg med 35- årsdagen og beretter om første besøk i prestegården etterat tvillingene var kommet til verden - og til barsevisitten hadde hun bakt vannkringler! Så nå er jeg blitt flink til å bake det slaget! Hun avsluttet brevet med Ha det det godt Torunn! Hjarteleg helsing frå gudforeldre dine, Bjarne og Maria Høvik.



Det ble skifte til Telemarksbunad, men også her ble Askvollsølja min hovedsølje og de samme spørsmål hvor på jeg svarte! Det er min dåpsølje. Jeg fikk den av gudmor! Det er ikke rart at jeg ble glad i henne etter så mange år og så kom det en tid hvor jeg fikk Telemarksølv og sølja ble liggende et år eller to ubenyttet!

Ei lita jente kom til verden - jeg ble mormor og det ble et ønske å gi den videre til neste generasjon. I det jeg legger gaven på gavebordet som dåpsgave fra meg, kom jeg på det! Det var jo en gave fra Maria til Marie som mitt barnebarn ble døpt denne dagen!

Således har årene gått, Askvollsølja har fulgt meg og nå er den med på å skape historie og tradisjon og historien rundt den vil jeg fortelle mange ganger.

Jeg fant Marias grav og stod der i takknemlighet over det etablerte vennskap mellom familier som varte livet ut. Henning Mankell sa det slik: Man vet aldri hvem man har gledet mest. Det er de små ting som er de store ting i livet.

Så ønsker jeg **god jul og godt nytt år** med bilde av engelen, som jeg fikk av min mor for mange år tilbake - en gave til prestefamilien i 1943 fra familie av pilotene hvis bauta står ved kyrkja i Askvoll!

Torunn Håskoll Ness

# BARNAS SIDE

## Fargelegg!

Jesus vart fødd i ein stall i Betlehem.



## Finne 8 namn frå juleforteljinga!

Åtte personar og stader frå juleforteljinga er gøymde inni rutenettet under. Namna står bortover og nedover.

S	N	E	K	G	O	P	E
J	E	J	S	A	P	R	I
O	M	O	L	B	H	U	V
N	A	S	A	R	E	T	I
S	R	E	U	I	R	E	N
O	I	F	G	E	O	S	K
K	A	F	U	L	D	N	E
J	U	L	S	I	E	U	L
O	L	E	T	Y	S	T	C
J	E	S	U	S	C	E	O
A	B	I	S	A	L	R	M
B	E	T	L	E	H	E	M

Ein mann

- søkte jobb på sirkus.  
– Kva er det du kan, då?  
spurde sirkusdirektøren.  
– Eg kan etterlikne fuglar?  
– Det kan jo alle, vi har ikkje bruk for deg!  
– Nei vel! sa mannen og flaug sin veg.

## Vitsar

Du veit du er blitt vaksen når du har slutta å vekse i begge endar, og berre veks på midten.

## Vi anbefalar barnebladet BARNAS!

Denne sida er henta frå bladet.

Bestill abonnement

på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller **22 08 71 00**



## Finne 5 feil

Teikningar: Trevor Keen

Engelen fortalde gjetarane at frelsaren var fødd. Finne du dei fem feila på biletet til høgre?



# Har du mista nokon nære?

## Invitasjon til støttegruppe for deg som er i sorg

### MØTE MED ANDRE I SAME SITUASJON

Formålet med gruppa: Støttegruppa er ein stad for å snakke om eiga sorg etter dødsfall, der du kan dele dine tankar og erfaringar med andre som også har opplevd tap.

Vi vil prøve å setje saman gruppa slik at du møter menneske som har opplevd liknande situasjon som deg.

Gruppesamlingane kan vere ei veksling mellom faglege innlegg og erfaringsdeling. Ei sorggruppe består vanlegvis av 4 -8 personar som møtast 6 – 8 gonger. Gruppa bestemmer sjølv kor ofte den skal møtast.

Gruppa kan verte leia av tilsette i Psykiatritenesta i Førde kommune, Førde kyrkje, Helse Førde og kreftkoordinator i kommunen, eller leie seg sjølv dersom det er ynskjeleg.

Kjenner du andre som dette kan vere aktuelt for, så fortel gjerne om dette tilbudet.

#### Påmelding og informasjon:

##### **Førde kyrkje**

Ingvar Vagstad, Diakoniarbeidar  
E-post: [ingvar.vagstad@fordekyrkje.no](mailto:ingvar.vagstad@fordekyrkje.no)  
Tlf. 57 82 81 88 / 911 38 732

##### **Førde kommune**

Berit Ullebust, Kreftkoordinator  
E-post: [berit.ullebust@forde.kommune.no](mailto:berit.ullebust@forde.kommune.no)  
Tlf. 948 24 254



*Vi er din lokale fagbutikk i kommunen  
som leverer alt av blomar  
i anledning gravferd:*



- *Kistedekorasjon*
- *Hjerte*
- *Kors*
- *Krans*
- *Bårebukett m.m.*



*Vi er og forhandler av gravminne, gravering og rens av stein.*

**Fjordane**  
BEGRAVELSESBYRÅ

- ditt byrå i Fjordane

Vi har samarbeid med Lailas Blomster

For meir informasjon sjå vår heimeside

[www.fjordan.no](http://www.fjordan.no)

epost: [post@fjordan.no](mailto:post@fjordan.no)

Lindbøen 2	6809 Førde	Vakttelefon 57 82 70 30
Markegt. 42	6900 Florø	Vakttelefon 57 74 31 36
Lailas Blomster		Telefon 57 73 02 95



# Velkommen til gudsteneste



## ASKVOLL KYRKJE

**01. januar kl.17.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.  
Offer til Askvoll kyrkje.

**21. januar kl.11.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.  
Offer til Det Norske Misjonsselskap.

**11. februar kl.11.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.  
Offer til Det Norske Bibelselskap.

**04. mars kl.11.00**  
Gudsteneste ved Audun Systad.  
Offer til Kyrkjeblad.

**18. mars kl.17.45**  
Temagudsteneste m/konfirmantane  
ved Erling Nydal og Stein Hugo Fykse.  
Offer til Kyrkjelydens Misjonsprosjekt.

**01. april k.12.00**  
Påskedag ved Stein Hugo Fykse.  
Offer til Lørdagsklubben.

**15. april kl.11.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.  
Offer til Kirkens SOS.

**06. mai kl.11.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.  
Konfirmasjon.  
Offer til Kyrkjelydsarbeid.

**17. mai kl.10.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.  
Offer til Norsk kyrkje i utlandet.



## VILNES KYRKJE

**28. januar kl.11.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

**25. februar kl.19.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

**23. mars kl.13.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.  
Skulegudsteneste.

**01. april kl.19.00**  
Påskedag ved Stein Hugo Fykse.

**12. mai kl.11.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.  
Konfirmasjon.



## HOLMEDAL KYRKJE

**14. januar kl.16.00**  
Gudsteneste ved Audun Systad.

**18. februar kl.11.00**  
Gudsteneste ved Audun Systad.

**11. mars kl.11.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

**30. mars kl.19.00.**  
Langfredag ved Stein Hugo Fykse.

**29. april kl.11.00**  
Gudsteneste ved Erling Nydal.  
Konfirmasjon.

**17. mai kl.11.15**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

**27. mai kl.11.00**  
Gudsteneste ved ???



## KVAMMEN KAPELL

**21. januar kl.19.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

**25. februar kl.11.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

**25. mars kl.11.00**  
Palmesundag ved Stein Hugo Fykse.

**22. april kl.19.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

**20. mai kl.12.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.  
Konfirmasjon.



## BULANDET KAPELL

**14. januar kl.11.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

**18. februar kl.16.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

**29. mars kl.17.00**  
Skjærtorsdag ved Stein Hugo Fykse.

**22. april kl.11.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

**19. mai kl.12.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.  
Konfirmasjon.



## STONGFJORDEN KAPELL

**20. mai kl.10.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.  
Konfirmasjon.



## VÆRLANDET KAPELL

**19. mai kl.10.00**  
Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.  
Konfirmasjon.

## GUDSTENESTER I VÆRLANDET BEDEHUSKAPELL

04. februar kl.17.00  
25. mars (palmesøndag) kl.10.30

# Kyrkjelege handlingar



## DØYPTE 2017

### ASKVOLL KYRKJE

08. oktober Sondre Ask  
12. november Kevin Solheim Rørvik

### KVAMMEN KAPELL

24. september Nikolai Degerud  
19. november Amalie Reiakvam Kvammen  
*Døpt i Førde kyrkje*

### HOLMEDAL KYRKJE

01. oktober Noah Eimhjellen Øksenberg  
26. november August Boge  
19. november Aleksander Søgner Bu  
*Døpt i Dale kyrkje*



## GRAVLAGDE 2017

### ASKVOLL

22. november Terje Strømmen f.1955  
10. oktober Magne Bernhard Ask f.1925  
03. november Jorunn Kjøsnæs f.1923  
30. november Bjørn Solheim f.1952

### HOLMEDAL

06. oktober Bjarne Rivedal f.1944  
24. oktober Anna Cecilie Håland f.1925  
26. oktober Arnfinn Oddvard Rivedal f.1933

### STONGFJORDEN

15. september Dagny Amanda Mjåseth Hauge f.1950  
20. oktober Kåre Hagbart Johansen f.1934  
31. oktober Frode Grimelid f.1936

## Innkomne minnegåver i 2017 ved gravferd

Torolf Hugøy	gåve til Vilnes kyrkje	Sigfridur Vik	gåve til Holmedal kyrkje
Oddny Urtegård Sandøy	gåve til Bulandet kapell	Magne Bernhard Ask	gåve til Askvoll kyrkje
Malmfrid Grytten	gåve til Kvammen kapell	Emmanuel Roshan	gåve til Laurdagsklubben i Askvoll kyrkje

*Hjarteleg takk for gåva!*



## Mariahelg 2. – 4. mars 2018

For kvinner i alle aldrar

Fredag 2. mars til søndag 4. mars er det Mariahelg på Alværa Misjonssenter ved Lavik i Sogn – ei helg der vi får senke skuldrane og løfte blikket. Vi samlast til åndeleg og sosialt fellesskap, påfyll til kvardagane og gode måltid, alt saman i trivelege omgjevnader. Elles er det høve til å ha med seg handarbeid, gå turar, og til å velje sjølve kva ein har lyst til å vere med på. Hovudtalar i år Inger Johanne Kjøde Enger, som er busett i Bygstad. Ho er ein dyktig kulturformidlar gjennom song og musikk, og er aktiv i den ortodokse kyrkja.

Meir informasjon og påmelding: Tlf. 489 90 661 eller på e-post: [alvera@nms.no](mailto:alvera@nms.no).  
Du finn oss også på [facebook.com/Mariahelg.paa.Alvaera](https://www.facebook.com/Mariahelg.paa.Alvaera).

*Velkomen til Mariahelg!*



## Gudstenester i jula

### JULAFTAN

- Kl. 12.00 Bulandet kapell
- Kl. 14.00 Vilnes kyrkje
- Kl. 15.00 Holmedal kyrkje
- Kl. 16.00 Askvoll kyrkje
- Kl. 16.00 Kvammen kapell

### JULEDAG

- Kl. 12.00 Holmedal kyrkje
- Kl. 19.00 Stongfjorden kapell

### NYTTÅRSAFTA

- Kl. 16.00 Askvoll kyrkje

### NYTTÅRSDAG

- Kl. 17.00 Askvoll kyrkje



No kan du betale for kyrkjebladet på sms

Send **BLAD**  
på sms til  
**2380**  
(200 kr.)



DEN NORSKE KYRKJA  
Askvoll

### KONTAKT OSS



RUNE ZIENER  
Dagleg leiar/kyrkjevorje

☎ 479 63 319  
✉ [kyrkjevorje@askvoll.kyrkja.no](mailto:kyrkjevorje@askvoll.kyrkja.no)



MARIT VEBERG ASK  
Kyrkjesekretær

☎ 918 74 724  
✉ [kyrkjesekretar@askvoll.kyrkja.no](mailto:kyrkjesekretar@askvoll.kyrkja.no)



STEIN HUGO FYKSE  
Sokneprest

☎ 900 60 154  
✉ [sokneprest@askvoll.kyrkja.no](mailto:sokneprest@askvoll.kyrkja.no)



MALGORZATA ANNA TVEIT  
ORGANIST

☎ 951 84 429  
✉ [organist@askvoll.kyrkja.no](mailto:organist@askvoll.kyrkja.no)



INGVILD LOFTHEIM  
Prosjektmedarbeidar

☎ 459 72 419  
✉ [konsulent@askvoll.kyrkja.no](mailto:konsulent@askvoll.kyrkja.no)

### ASKVOLL KYRKJEKONTOR

Postboks 14, 6988 Askvoll

Telefon 918 74 724 e-post: [post@askvoll.kyrkja.no](mailto:post@askvoll.kyrkja.no)

Heimeside: [www.askvoll.kyrkja.no](http://www.askvoll.kyrkja.no)

Facebookside: [www.facebook.com/kyrkjaaskvoll](https://www.facebook.com/kyrkjaaskvoll)



**Kontortid:** tysdag til torsdag kl: 09.00 – 15.00 Fredag kl: 10.00 – 14.00

**Beredskapstelefon:** 954 83 152 ved akutt behov for prestatjeneste etter kl. 17.00 og i helgene. Måndag er prestane sin fridag.

**Kyrkjebladredaksjonen:** Rune Ziener (ans. red.), Stein Hugo Fykse, Marit Veberg Ask

**Leiar Askvoll sokneråd:** Jostein Gryte 909 38 382